



Tingvoll, 16.9.2023

Dovrefjell nasjonalparkstyre
fmoppost@fylkesmannen.no
sfinpost@statsforvalteren.no

GRUNNBORING REINSVATN – TORBUDALEN BVO – STATKRAFT - KLAGE

Dykkar ref. 2023/9640

Naturvernforbundet klagar på delegert vedtak i sak 128/2023 dagsett 15.9.2023.

Naturvernforbundet arbeidar med naturmangfald, og kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Klaga vår gjeld manglande vilkår for å unngå at framande artar spreier seg. Vi meiner at det i saker som denne skal vere krav om at maskinar og utstyr som skal brukast i felt i verneområdet må vere reingjort før det blir transportert inn i området. Vidare at det er krav om oppfølging frå tiltakshavar slik at det blir kartlagd dei næraste områda dei neste åra om framandartar likevel kan ha spreidd seg med tiltaket.

Vi ber om at klaga vår får oppsetjande verknad på vedtaket.

Viss verneområdestyret og tiltakshavar blir samde om vilkår som sikrar reinhald og oppfølging når det gjeld framande artar, vil vi trekke klaga.

Brevet går elles med dobbel adresse, sidan det på vedtaket er ei anna adresse enn den vi trur blir bruka til vanleg no.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi: TormodJohan.Kristiansen@statkraft.com